

Novembermøtet i Uskedal utvikling er onsdag 5. november klokka 19 i Gamleskulen. Temaet denne gongen er eldre og bufellesskap og det vidare arbeid etter møtet på Husnes.

Det vert innlegg frå medlemmer av eldrerådet, men også frå andre aktuelle brukarar.

Møtet er ope for alle: Brukarar, pårørande, utbyggjarar, gunneigarar og andre interesserte Utbyggjarane vert med dette særleg inviterte. Det er viktig å koma i posisjon og skapa ein god dialog med kommunen.

Sæbøvik og Uskedalen er to område som peikar seg ut og som har gode føresetnader for å lukkast. Bygdene har eit klart definert sentrum med nærleik til butikk, møteplassar, rekreasjonsområde og båthamn. Eit føremon er heildøgnet base for tilsyn, noko Uskedalen har i Myro.

Styret.